

Høringssvar til Forslag til endringer i byggteknisk forskrift §§ 7-3 og 7-4 - Krav til sikkerhet mot skred og flodbølge som følge av fjellskred

Eg har lenge sett fram til revideringa av forskrifta TEK 17, då den har satt ein stoppar i mine framtidsplanar som odelsjente og framtidig grunneigar på Horgheim. Horgheim er ein gamal skysstasjon som ligg under Mannen i Romsdalen. So lenge eg kan huske, har eg alltid sett for meg at eg ein dag skulle flytte heim at. Som fyrste odelsjente vil eg satse på turisme for å kunne drive garden, og å vidareformidle historia herifrå, frå folkevandring til i dag. Utan endring vil eg ikkje kunne utvikle eigendommen, og eg ser ikkje noko moglegheit for å ta over utan stor risiko.

Slik forskrifta er i dag, vil eg korkje kunne utvikle garden, ei bygge opp igjen, dersom brann eller storm skule øydelagt våningshus eller driftsbygg. Eg ser på sannlika for det som særst større enn eit mogeleg skred. Dette blir ein for stor risiko å ta, då eg for eksempel mistar alt om taket på hovudhuset skulle gått i ein storm. Ikkje får ein selt garden slik det er i dag heller, då han grunna denne forskrifta er verdiløst.

Eg viser til høringssvaret til mine foreldre, Liv Jorunn og Arve Horgheim, og ber om at ein fjerner byggerestriksjonane i skredutsette områder, der ein har overvaking som er tilstrekkeleg mot tap av menneskeliv.
